

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 25. juni 2020 11:20
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 25/2020, 25. JUNI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 25/2020, 25. JUNI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

GOD SOMMAR!

Dette er siste nyhendebrev før sommarferien fordi rektor har ferie i jule. Neste nyhendebrev kjem truleg torsdag 6. august. God sommar til alle, og spesielt dei som held hjula i gang i juli!

UNNGÅ STENGDE DØRER: HENT OG AKTIVISER INNGANGSKORT FØR FERIE

Alle tilsette har fått e-post frå eigedomssjef Øystein Mårstøl med informasjon om tilgangskort (nøkkeltort, inngangskort). Korta ligg i studentsørvis. Husk å hente og aktivisere nøkkeltortet før ferien. Skulen har opne dører gjennom heile ferien i tidsrommet 0730-1600, men om du ikkje hentar nytt kort risikerer du å møte stengde dører utanom arbeidstid etterkvart som det kjem nye kortlåsar på plass.

LEIARAR ER FRAMLEIS LEIARAR: OGSÅ I KRISE OG OGSÅ I SOMMARFERIEN

Om det skulle oppstå ein krisesituasjon i sommarferien følgjer vi vanlege linjer og planar. Det vert ikkje utpeika avløyssande direktør i sommar. [Beredskapsplanen er tilgjengeleg på våre nettsider.](#)

LYSER UT 13 STIPENDIATSTILLINGAR

Høgskulen i Volda vil om kort tid lyse ut inntil 13 stipendiatstillingar. Stillingane er knytt til alle høgskulen sine fagområde. Høgskulen har aldri før lyst ut så mange stipendiatstillingar på ein gong. Grunnen til at det vert lyst ut så mange stillingar er at høgskulen fekk 6 stipendiatstillingar som korona-tiltak og samtidig lyser ut stipendiatstillingane som høgskulen hadde frå før. Det var Forskingsutvalet ved Høgskulen i Volda som i [siste møte før sommarferien vedtok å lyse ut stillingane](#). Stillingane fordeler seg slik: Lærarutdanningar (5), helse og sosialfag (4), planlegging (1), animasjon (1), kulturfag (1) og kultur møte (1). Forskingsutvalet valde å vente med å lyse ut ei siste stipendiatstilling og vil bestemme kva fagområde stillinga skal lysast ut på i haust. Les meir [om å ta doktorgrad i Volda](#). Følg med på ledige stillingar ved Høgskulen i Volda på hivolda.no/stilling.

STIPENDIATAR HAR VORTE FORSINKA PÅ GRUNN AV KORONA-KRISA

Stipendiatane også ved Høgskulen i Volda melder om forsinkingar i sine forskingsprosjekt på grunn av korona-krisa. Men dei er nøgde med støtta dei har fått frå sine rettleiarar. Det er ei intern undersøking ved Høgskulen i Volda som viser dette. [Les meir på våre nettsider.](#)

STOR STUDENTRABATT PÅ BUSS: 500 KRONER FOR BUSS OG FERJE I HEILE FYLKET

Fram Møre og Romsdal har bestemt seg for å tilby studentar i Volda og resten av Møre og Romsdal eit rabattkort som skal gjere det mykje billegare å reise med buss og ferje. Kortet skal koste kr 500,- og kan brukast fritt i heile fylket i studieåret. Dette er under halv pris samanlikna med vanlege rabattkort. Tilbodet vil seinare bli tilgjengeleg på nettsidene til [Fram, som er namnet på Møre og Romsdal fylkeskommunes samla kollektivtilbod.](#)

MEDIEHUSET: FEM FRAMLEGG GÅR TIL NAMNEFINALE

Leiinga og Avdeling for mediefag har plukke ut fem kandidatar til namn på det nye mediehuset. Dei fem framlegga er i alfabetisk rekkefølge: Ivar Aasen-huset, Olga Meyer-huset, Sivert Aarflot-huset, Spegelen, Vinje-huset. Alle tilsette og studentar får no høve til å seie si meining om framlegga. [Les meir om namnsettinga på våre nettsider](#).

BJARTE FOLKESTAD: RAPPORT FRÅ FORSKINGSPROSJEKT OM KVALITET I OMSORGSTENESTER

Professor Bjarthe Folkestad, ASH, har vore med i ei forskingsgruppe som har undersøkt variasjon i kvalitet i omsorgstenestene i små og store kommunar og mellom private og offentlege aktørar. Oppdragsgjevar har vore Helse- og omsorgsdepartementet og prosjektet har vorte utført i regi av Senter for omsorgsforskning. Rapporten frå prosjektet heiter "[Variasjon i kvalitet i omsorgstjenestene](#)". Rapporten og prosjektet har vorte omtala blant anna i Aftenposten: "[Ny rapport avslører store forskjeller i tilbud til eldre. Store kommuner scorer bedre enn små](#)".

FOTO-FRANKLIN: MED KAMERA I KORONA-KRISA

[Foto-professor Stuart Franklin](#), AMF, er også ein aktiv reportasjefotograf. Han har tilbrakt tre veker på eitt av dei travlaste sjukehusa for å lage fotoreportasje. Resultatet har vorte publisert av Sunday Times Magazine, The Guardian og Magnum Photos. Resultatet vart unike fotodokumentarar og sterke inntrykk. [Les meir på våre nettsider](#).

BREI ARBEIDSGRUPPE SKAL LEGGE PLANAR FOR NY PH.D.

Dekan Arne Myklebust, AHL, har utpeika ei arbeidsgruppe med 10 fagfolk som skal skissere innretning og fagleg profil for mogeleg ny ph.d. ved Høgskulen i Volda. Gruppen har fått frist til 20.oktober 2020 med å levere ei eller fleire førebelse skisser til den nye ph.d.-graden, og skissene skal leggast fram for høgskulestyret som ein del av strategiarbeidet. Om det kjem klarsignal til å arbeide vidare med planane vil ei mindre gruppe skrive sjølve akkrediteringssøknaden. Prodekan for forskning professor Per Halse, skal leie arbeidsgruppa. Alle avdelingane og forskingssjef er representerte i arbeidsgruppa: Frå AHL: [Professor Siv Måseidvåg Gamlem](#), [førsteamanuensis Gudrun Kløve Juuhl](#), [professor Knut-Willy Sæther](#), [professor Marie Nedregotten Sørbø](#), [førsteamanuensis Eirik Søvik](#). Frå ASH: [Professor Kjartan Leer-Salvesen](#) og [professor Inger Marie Okkenhaug](#). Frå AKF: [Professor Wenche Torrissen](#). Frå AMF: [Førsteamanuensis Ellen Lexerød Hovlid](#). Forskingssjef: [Henriette Hafsaas](#).

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) KLØVE JUUHL I NORDIC JOURNAL OF LITERARY RESEARCH

[Førsteamanuensis Gudrun Kløve Juuhl](#), AHL, har fått publisert artikkelen «[Text in and out of school – a dialogical rhetorical analysis](#)» i det vitenskaplege tidsskriftet Nordic Journal of Literacy Research. Tidsskriftet vert utgitt etter open tilgang-prinsippet (open access) og artikkelen er fritt tilgjengeleg for alle.

PUBLISERINGAR (3) OLA TEIGE - OGSÅ PÅ ENGELSK OM STATUAR

[Førsteamanuensis Ola Teige](#), ASH, har saman med Nik Brandal skrive ein kommentar om statuar og historie som har vorte publisert i VG og på Forskning.no. Artikkelen er no også tilgjengeleg i ein engelsk versjon, på Forskning.no sine nettsider: "[Should Norwegians tear down their Churchill-statue?](#)".

PUBLISERINGAR (4) MASTERSTUDENT ODDBJØRN HOFSETH OM STATUAR OG MEIR I SUNNMØRSPOSTEN

HVO-student (master i kulturmøte - historie) Oddbjørn Hofseth har skrive ein kronikk i Sunnmørsposten om riving av statuar - og meir. Kronikken har tittelen: "[Litt mindre panikk og litt meir humanistisk tankegang, takk](#)".

PUBLISERINGAR (5) BASTIANSEN HAR TO ARTIKLAR I NORSK MEDIEHISTORISK TIDSSKRIFT

[Professor Henrik Bastiansen](#), AMF, har publisert to artiklar i Norsk Mediehistorisk tidsskrift nr 1/2020 (33). Den første har tittelen «Mediehistorie 2.0 og behovet for en ny filologi». Den andre har tittelen: «I nærkontakt med mediehistorien: En presentasjon av Norsk radio- og fjernsynsmuseum». [Tidsskriftet finn du her \(pdf-format\)](#).

PUBLISERINGAR (6) BASTIANSEN OM MEDIEHISTORIE OG MILJØ- OG KLIMAKRISA

[Professor Henrik Bastiansen](#), AMF, bidrog på fagseminaret «Når klimabrølene gjaller: Fagseminar om mediene, miljøet og klimaet» på Litteraturhuset i Oslo 10. mars. Her er video med innlegget: «[Kan mediehistorien kaste nytt lys over miljø- og klimakrisen?](#)»

PUBLISERINGAR (7) TEIGE OG SVENDSEN OM SOMMARSTENGTE ARKIV I KRONIKK I VG

[Førsteelektor Elisabeth Teige](#) og [førstemanuensis Åsmund Svendsen](#), begge ASH, har i lag med fleire andre skrive kronikk i VG om utfordringar med stengde arkiv: "[Stengte arkiv i sommer!](#)".

PUBLISERINGAR (8) NY BOK I SERIEN KYRKJEFAG PROFIL: "TRUA PÅ VESTLANDET. TRADISJONAR I ENDRING"

Mange noverande og tidlegare HVO-tilsette har bidrag i ei ny bok i skriftserien Kyrkjefag Profil. Boka heiter "Trua på Vestlandet. Tradisjonar i endring" og er redigert av [Per Halse](#), [Birger Løvlie](#) og [Kristin Hatlebrekke](#). I alt har boka 16 kapittel og har desse forfattarane: Arne Apelseth, [Anders Aschim](#), Ottar Berge, Leidulv Øyvind Grimstad, [Hildegunn Valen Kleive](#), Sidsel Lied, [Arnliot Løseth](#), Torrey Seland, Åsa Thorstvedt, [Andreas Tjomsland](#), [Jan Ove Ulstein](#), Per Magne Aadnanes, Olaf Aagedal. [Boka er gratis tilgjengeleg for alle](#).

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskningsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av stramproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)
[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)
[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

